

Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Dykkar ref.:	Vår ref.:	JournalpostID:	Arkivkode:	Dato:
	13/4456-7 / GJEKRI	14/28410	025	05.12.2014

Høyringsuttale - Framlegg om å oppheva konsesjonslova og buplikta

Viser til høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet av 15.10.14.

Kommunestyret i Strand kommune vedtok 3. desember 2014 følgjande høyringsuttale til framlegget om å oppheva konsesjonslova og buplikta:

«Strand kommune rår frå at konsesjonslova og buplikta blir oppheva. Vurderinga av konsesjonslova som verkemiddel i areal-, landbruks- og busettingspolitikken må bygge på at areal- og jordgrunnlaget i landet er ein fellesressurs for alle som bur her, og ikkje berre på den private eigedomsretten og dei private interessene knytt til denne. Konsesjonslova gir ei moderat men viktig avgrensing av den private råderetten over areal og eigedom. Oppheving av konsesjonslova vil føre til høgare prisar på areal og svekke lønsemda i landbruksproduksjonen. Resultatet vil bli lågare produksjon av mat til eit folk i sterk vekst. Vidare vil oppheving av konsesjonslova gjere landbruket mindre viktig som grunnlag for busetting og næringsverksemd i bygdene og som fundament for små lokalsamfunn. Mindre aktiv drift og busetting frå eigarane si side vil gi mindre husdyrhald og meir gjengroing i kulturlandskapet.

Framlegget om oppheving av konsesjonslova, inkludert buplikta og priskontrollen, tar etter Strand kommune si vurdering ikkje nok omsyn til dei samfunnsmessige konsekvensane og til at areal er eit fellesgode og ein ressurs som også er viktig for dei som ikkje sjølv er grunneigar. Tilrettelegging for busetting i bygder og for høg matvareproduksjon i landet er viktige samfunnsomsyn som lovgjevinga bør ta opp i seg. I eit land der den private eigedomsretten til grunn står sterkt trengs det lovreglar som også tar vare på andre viktige samfunnsomsyn.

Strand kommune ber departementet vurderer behovet for ein revisjon av reglane for priskontrollen. Dette for å sikra at prisane på landbrukseigdommar utviklar seg i tråd med det som er ønskeleg i lovverket, og for å få vurdert dagens prising opp mot utviklinga i samfunnet ellers. Samstundes er det viktig å sikra ei meir lik praktisering av priskontrollen i kommunane og hjå fylkesmennene.»

Med helsing

Kristin Spørkel Gjerde
konsulent
Politisk sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.

Kopi til:

Kopi til:
Fylkesmannen i Rogaland